



# Naturvernforbundet

Klima- og Miljødepartementet  
v/Rovviltnemnda i region 6  
v/ Fylkesmannen i Trøndelag

16. juni 2018

## KLAGE – JERVKVOTE – JAKTA 2018-2019

Vi viser til rovviltnemnda sitt vedtak i sak 18/18 den 24.5.2018, som låg føre som protokoll 1.6.2018.

Naturvernforbundet klager på vedtaket. Vi ber om at kvota blir endra, slik vi gjer greie for nedanfor.

Det er utsiktene til framtidige ynglingar i den sørvestlege delbestanden av jerv som er eit vesentleg moment i denne klaga. Det er dessutan viktig at ein bruker dei verkemiddel ein har for at jervbestanden finst i området som er prioritert for jerven.

Det er pr. 14.6.2018 registrert seksten ynglingar i region 6. Av desse er tre ynglingar i Møre og Romsdal, to i Trollheimen og utanfor prioritert område for jerv, den tredje i Norddal innanfor jervprioritert område. Det er vidare fire ynglingar i det som var Sør-Trøndelag. (To i prioritert jervområde, dei to andre i Snøhettadelen av Oppdal). Resten, dvs. ni, er i det som var Nord-Trøndelag, av desse ein eller to utanfor prioritert jervområde.

Det er teljande for saka at det i Oppland så langt er registrert 3 ynglingar av jerv, vedtatt ynglemål er 4.

Vår gjennomgang av DNA-registrert jerv fortel oss at bestanden i Møre og Romsdal ligg ikkje så langt frå målet, dvs. knapt 20 jerv, men det er ein del av desse som held til i beiteprioritert område. For Oppland som bør ha ein bestand på kring 25 dyr står det dårlegare til, då ein neppe er over 20 jerv. Det høyrer også med at av dei 17 dyra ein veit var der, så er 13 av dei tisper. Vi har lagt til grunn at ein reknar med å fange opp 80% av bestanden med DNA-registreringar. Vi har vidare rekna dyr registrert i fleire regionar det aktuelle året som halve.

Det har sidan 2011 berre vore eitt år då ein har funne 3 ynglingar i området med prioritet for jerv i Møre og Romsdal. Delvis har ein også vore under målet når ein ser fylket under eitt. Såleis manglar ein noko på at ein har ein jervbestand som planlagt, og det manglar noko på at ein kan få ein pårekneleg situasjon i og utanfor jervprioritert sone. Det må vere nemnda si oppgåve å gjere sitt til at dette kan bli justert så langt ein kan få det til. Det har noko å seie for kvoter og kor det kan jaktast, når jakt er det einaste verkemiddelet som blir bruka.

Dei verkemidla ein har for å auke bestanden i eit fylke eller ein del av det er å la vere å jakte. Når ein ikkje får til å jage jerv t.d. frå Trollheimen til Dovrefjell, så er ein nøydd til å ta omsyn til at det nesten årleg manglar nokre ynglingar i jervprioritert område i Møre og Romsdal. Vi

meiner såleis at ein ikkje skal gi kvote til lisensjakt i jervprioritert område, i alle fall ikkje før ein er over målet som er vedtatt. Vidare bør ein vere varsam med kvote nær opp til jervprioritert område viss ein ligger vesentleg under. Dette sidan ein del jerv naturleg vil opphalde seg på båe sidene av ei slik grense for prioritering viss ikkje grensene ligg på slike stader som er naturleg grense for jerven.

Området som er jervprioritert område i Møre og Romsdal har grenser som er dårleg plassert ved at dei mange stader ligg på plasser som ikkje er naturleg grense for jerven. Dette blei ytterlegare forverra i den nye forvaltingsplanen då Øvre Sunndal blei lagt til beiteprioritert område. Det er i grunnen ikkje utgreidd kva verknad grenseendringa rundt Øvre Sunndal vil få. Når ein ikkje når ynglemålet innanfor jervprioritert område, må Øvre Sunndal vere det første området som ein let vere å jakte på for å få jerven på rett stad. Det ligg dessutan ei ganske sterk oppmoding frå Klima- og miljødepartementet om at ein ikkje utan vidare praktiserer beiteprioriteringa i Forollhogna og Øvre Sunndal, til desse areala er klarert gjennom ein grundigare prosess enn det som blei gjort i samband med forvaltingsplanen.

Etter gjeldande praksis må ein rekne med at ynglingane i Trollheimen har eit lag med å bli skadefelt eller lisensfelt. Jerv i vestlege delar av Oppland har eit lag med å bli skadefelt eller lisensfelt om dei kjem over til Sogn og Fjordane. Den sørvestlege delbestanden blir lett redusert, og flyten frå aust inn i området er som oftast ikkje stor nok til å vege opp.

Elles saknar vi ei tenking kring dei spesielle mikroallelene som er knytt til den sørvestlege delbestanden av jerv. For ulv er det eit eige regime viss det kjem inn genetisk viktige individ. Noko tilsvarande bør praktiserast også for dei nemnte jervane. Når ein først skal målrette kvoteuttak, bør ein så langt som råd ta litt omsyn til dette.

Naturvernforbundet meiner at det i vinter ikkje bør jaktast jerv innanfor jervprioritert område i Møre og Romsdal. Inntil noko er endeleg avgjort om Øvre Sunndal, meiner vi at dette området må sjåast saman med jervprioritert område når det er tale om kvote så lenge ein ikkje når ynglemålet i jervprioritert område.

I beiteprioritert område vil det nødvendigvis vere ein annan praksis for fellingsløyve, men ein kan ikkje sjå bort frå situasjonen som rår i jervprioritert område. Følgjeleg er det grunn til å setje lågare kvote i år enn det ein har brukt å gjere.

Når det gjeld Trøndelag har ein i år ei forskyving som ofte tidlegare, der det venteleg kjem jerv inn frå Sverige til nordfylket. Yngletalet tilseier at jaktuttak bør konsentrerast til nordre del av Trøndelag.

På tidspunktet då kvotevedtaket blei fatta var det etter Naturvernforbundet sitt syn tvilsamt om det var grunnlag for den kvota som blei vedtatt. Påviste ynglingar i ettertid, der ynglingane har skjedd innanfor jervprioritert område, tilseier at vi ikkje klagar på den delen av vedtaket.

Når det gjeld reservekvota er det ikkje grunnlag for å bruke av denne innanfor jervprioritert område i Møre og Romsdal.

På dette grunnlaget meiner vi det skal fastsetjast kvote som følgjer:

**1. Forvaltningsområdet for jerv i Møre og Romsdal:** Ingen kvote.

**2. Prioriterte beiteområder i Møre og Romsdal:** Her tillates en kvote på 3 jerver

Det tillates ikke kvote innenfor området som har endret forvaltningsregime etter vedtak 22.3.2018  
- Øvre Sunndal.

**Naturvernforbundet i  
Møre og Romsdal**

Øystein Folden

**Naturvernforbundet i  
Sør-Trøndelag**

Sofia Sjöblom

**Naturvernforbundet i  
Nord-Trøndelag**

Alette Sandvik

Kopi:  
Miljødirektoratet  
Klima- og miljødepartementet